

- "Damevevnene" er ei umisteleg inntektskjelde

17.06.2007



Vidar Haugland: - "Damevevnene" er ei umisteleg inntektskjelde og gjer ein fenomenal innsats. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**"Damevevnene" er ei umisteleg inntektskjelde og gjer ein fenomenal innsats, skriv den avgåtte styreleiar Vidar Haugland i Uskedalen Aktivitetshus AS i siste årsrapport. Han konstaterer at etterkvart er dansekveldane som "Damevevnene" arrangerer blitt den viktigste inntektskjelda for huset**

Dei har arrangert, åleine eller i samarbeid med andre, aktivetsdag, julemarknad, juledans, påskedans og vårkonsert. På desse arrangementa har dei samla inn 65.000 kroner. 40.000 er overført til Aktivitetshuset sin konto og resten av summen vil bli nytta til aktivitetar eller overført til huset seinare.

Haugland roser også flaskepant-ordninga som SPAR har sett i stand. Berre i tidsrommet frå januar til april i år ga panten 9.200 kroner.

Etter at 604.000 kroner vart registrert som aksjekapital, er det i dei siste åra innbetalt 112.000 kroner av folk i bygda. Desse midlane er registrerte som annan innskoten eigenkapital og har aldri vorte ein del av huset sin aksjekapital. Men under siste generalforsamling vart det vedteke å auka aksjekapitalen med denne summen.

Det har vore eindel dugnadstimar på trimrommet, men Karsten Ekeland har sørge for belegg og eindel av arbeidet og det er betalt 34.000 til han.

No er det laga plan og kalkyle for rommet, stipulert til 30.000-50.000, avhengig av kva slags inventar som blir vald. Utstyret vil vera på plass og klart til bruk før haustsesongen startar opp. Det blir ei prioritert sak for det nye styret å få til avtale med ei gruppe som kan drifta treningsrommet.

Sparebank 1 løyste ut restlånet på 400.000 kroner etter at dei fekk kommunegaranti for summen. Ekeland har prissett ferdiggjeringa av garderobane inkludert moms til 116.000 og ein reknar med at arbeidet skal vera ferdig innan utgangen av året.

Golv er nedslete. Oppmerkinga oppå lakken må fjernast, golvet slipast ned og seks-sju strøk med lakk leggjast på. Arbeidet blir gjort på dugnad i sommar i fagleg samarbeid med Magne Eik. Målet er å merka opp til volleyballbane, minihandballbane og to baskebanar på tvers i tre ulike fargar, slik at det kan kjøpast inn to handballmål og to nye basketkorgar lik dei som er i hallen.

Når det gjeld resten av lysisolasjonsmattene er dei opphengt i taket med godt resultat. Lekkasjen i taket over lagerrommet er tetta etter 100-150 dugnadstimar. Det er også tetta lekkasje i taket over garderobeanlegget.

Av Ola Matti Mathisen



Det siste suksess-arrangementet til "Damvennene" til beste for Aktivitetshuset var Aktivetsdagen laurdag. Her er dei samla foran arrangementet. (Foto: Ola Matti Mathisen)